



Strikkekafe er eitt av mange arrangement som blir halde i Gamleskolen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Berre få dagar etter at Uskedalen Utvikling vart tildelt 100.000 kroner av EKSTRA-midlar til rehabilitering av kjøkenet i Gamleskolen har UU fått 50.000 til det same føremålet.

No er det Kvinnherad Sparebank som står for tildelinga og den vart vedteken før banken fekk nye eigarar.

35 lag og organisasjonar fekk over ein million under ei tilstelning på Husnes i kveld.

- Vi må tøma kassa før SpareBank 1SR-bank stikk av med pengane, spøkte banksjef Åsmund Kåre Rørvik.

IL Trio og Fjellhaugen skisenter fekk støste potten med 100.000 kvar. Kvinnherad Turlag fekk 20.000 til kartbrosjyre og Kvinnherad Folkemusikklag 19.000 til lydanlegg, for å nemna 2 andre føremål.

- Dette var ei svært gledeleg overrasking, seier Berit Harriet Døssland som tok imot pengane på vegne av Uskedalen Utvikling saman med Janne Olsson. No ventar eit større rehabiliteringsarbeid.

Av Ola Matti Mathisen.